

ÅRSPLAN FOR BØHAMNA BARNEHAGE

2021-2022



Innhald

- Innleiing	2
- Presentasjon av barnehagene	3
- Fysiske rammer	3
- Personalet	4
- Vår visjon, målettinger og arbeidsmåtar	6
- Område 1: Ivareta barna sikkerhet og helse.....	7
- Vaktordnigar og kompetanse	7
- Dagsrytme	7
- Område 2: Skape tryggleik, gode relasjonar og eit inkluderande miljø	9
- Overgangar	9
Frå heim til barnehage -Frå liten til stor avdeling	9
Frå barnehage til skule	10
- Danning gjennom omsorg, leik og læring.....	12
- Barns medverknad	13
- Sosial kompetanse	14
- Satsingsområde: Innkluderande læringsmiljø	15
- Samarbeid med heimen.....	16
- Arbeid i personalgruppene.....	18
- Tidleg og samordna innsats	20
- Område 3: Eit aktivit og spennande miljø	21
- Fagområder	21
- Den digitale praksis	21
- Utvikling av uteleikeplassen	21
- Nærmiljø og samarbeidspartar	23
- Årshjul	24
- Nøtteliten	24
- Veslefrikk.....	27
- Revehiet.....	30
- Tyrihans.....	32
- Område 4: Dokumentasjon og synleggjering.....	34

Innleiing

Denne årsplanen byggjer på Rammeplan for barnehagar.

Årsplanen byggjer og på lokale planar for oppvekst i Midt-Telemark kommune.

Personalet har i samarbeid arbeida fram målsettingar og arbeidsmåtar.

Planen er fastsatt av samarbeidsutvalet for barnehagen.

Planen er eit arbeidsverktøy for personalet, eit samarbeidsverktøy mellom tilsette og foreldra og den skal synliggjere barnehaganes mål og arbeidsmåtar.

Bøhamna barnehage og Veslekroa studentbarnehage hadde vore samlokalisera i vel 7 år, da vi blei slått saman til Bøhamna barnehage 01.01.21. Midt-Telemark kommune er nå eigar og drivar av heile barnehagen. Vi har saman gjort nyttige erfaringar knytt til det fysiske miljøet ute og inne i barnehagane, nærmiljøet og til samarbeidet med kvarandre. Vi har gjennom desse åra utvikla ei felles pedagogisk plattform og arbeidsmåtar som vi byggjer vidare på i denne planen.

Brukundersøkingane, munnlege tilbakemeldingar og innspel frå foreldra har og vore viktige og nødvendige for å lage ein hensiktsmessig, og god plan.

Barnehagelova fekk i 2020 nytt kapittel om psykososialt barnehagemiljø, Kap. 8 §41-43.

Den omhandlar barns rett til tilhørighet og eit trygt miljø. Den er og et vern mot krenkelsar. Dette er temaer vi har hatt fokus på i mange år. Men vi vil i dette barnehageåret ha særskilt fokus på å utvikle felles forståing av paragrafane og korleis vi aktivt ivaretar eit godt psykososialt miljø.

Presentasjon av barnehagen

Bøhamna barnehage er ein kommunal barnehage med plass til inntil 70 barn dagleg, fordela på fire avdelingar etter alder. Vi har to småbarnsavdelingar; Nøtteliten og Veslefrikk. Vi har to storebarnsavdelingar; Revehiet og Tyrihans.

Med sin nærleik til USN, har studentar prioritert ved opptak.

Da barnehagen sto ferdig i august 2013 var dei to barnehagane Veslekroa studentbarnehage og Bøhamna barnhage samlokalisera med to avdelingar kvar. Frå januar 2021 blei dei slått saman til Bøhamna barnehage og Midt-Telemark kommune blei eigar av heile barnehagene

Fysiske rammer

Barnehagen ligg i sentrumsnære områder ved universitetet. Nærmaste naboar er universitetet med løpebane, skaterampe, skiløyper, skøytebane og Kroa i Bø. I nærmiljøet har vi og skogsområder ved Bøhaugen (Nøtteskogen) og Niståsnabben. Vi har kort veg til Gullbring kulturanlegg, bibliotek, Gullbring barnehage, Evjudalen m.m.

Vi har utvikla ein grønsakhage saman med foreldre og studentar, i skogområdet nedanfor Bøhaugen. Denne nyttar vi nå saman med Skolehagen USN Bø.

Kontaktinformasjon:

Telefon:

Hovednr.: 35 05 95 60

Avd. Tyrihans: 40 91 47 65

Avd. Reveheiet: 40 91 47 63

Avd. Veslefrikk: 40 91 47 66

Avd: Nøtteliten: 40 91 47 64

Styrar: 97 10 19 88

e-post: ashe@mt.kommune.no

Personalet

Alle avdelingane har ei grunnbemanning på 2 pedagogar og 2 assistenter dagleg.

Nokre avdelningar har i tillegg assistenter for barn som treng sæskilt støtte.

Nokre av stillingane er delt på fleire personar.

Veslefrikk

Rolle	Namn	e-post
Pedagogisk leiar	Mette Aasen	meaa2504@mt.kommune.no
Barnehagelærar	Kine Jakobsen Hegdahl	kihe2810@mt.kommune.no
Assistent	Tone Asphjell	
Assistent	Ellen S. Aafløy	
Assistent	Tone Fossland	

Nøtteliten

Rolle	Navn	e-post
Pedagogisk leiar	Wenche M. Smedstad	wesm@mt.kommune.no
Barnehagelærar	Yvonne Mølbach	yvmo1910@mt.kommune.no
Assistent	Trude Anita Olsen	
Assistent	Serveh Karim Zadeh	
Fagarbeider	Maritha Kaasine Angre	

Tyrihans

Rolle	Namn	e-post
Pedagogisk leiar	Anette Svartdal	ansv2011@mt.kommune.no
Barnehagelærar	Gry Irene Natland	grna2004@mt.kommune.no
Assistent	Marie Ralle	
Assistent	Anine Aas	
Fagarbeider	Katrine Firingen	
Assistent	Linda Johansen	
Assistent	Gunhild Kveta	

Revehiet

Rolle	Navn	e-post
Pedagogisk leiar/		
Styrarassistent	Anne Haugen	anhau0912@mt.kommune.no
Barnehagelærar	Monica Larsen	mola2801@mt.kommune.no
Assistent	Anne Marie Skjeldal	
Fagarbeider	Canda Kristine Randby	
Fagarbeider	Katrine Firingen	
Assistent	Martine Bakaas	
Assistent	Stine Kaasin	
Lærling	Nina Aaland	

For heile barnehagen

Spesialpedagog	Lena Bergli	
Styrar	Astrid Hegna	ashe@mt.kommune.no

Det kan skje endringar i løpet av året når det gjeld avdeling kvar ansatt arbeider på.


Vår visjon, målsettingar og arbeidsmåtar

På denne figuren finn vi vår visjon i midten.

Det er 4 hovedområde vi må arbeide på til dageleg.

Dei sirklar rundt visjonen vår i ei prioritera rekkefølgje.

Dei er nært knytta til kvarandre, og går til dels over i kvarandre.



Område 1: Ivareta barnas sikkerhet og helse

Vaktordningar og kompetanse

Vi må til ei kvar tid sørge for å ha vaktordningar som gjev den best moglege vaksentettleiken gjennom dagen.

Dei tilsette skal ved oppstart av nytt barnehageår repetere beredskapsplanar og sjekkerutiner. I løpet av hausten skal det gjennomførast førsthjelpskurs for alle tilsette. Vi skal ha rutiner for opplæring av nye vikarar og sørge for at dei ikkje har vakter der dei går aleine.

Dagsrytme

- | | |
|--------|---|
| 07.15: | Barnehagen opnar
Barn og foreldre takast imot, og informasjon blir utveksla
Frukost for dei som ikkje har ete heime
Leik
Organisera aktivitetar i ulike grupper inne og ute |
| 11.00: | Måltid |
| 12.00: | Soving for dei som treng det
Leik
Organisera aktivitetar inne og ute |
| 14.00: | Frukt og måltid
Leik/Organisera aktivitetar |
| 16.45: | Barnehagen stenger
Barna skal være ute av barnehagen til denne tida |

Vi ber om at foreldre gjev beskjed, dersom barnet kommer etter kl. 10.00 på dagen, eller om det skal ha fri, eventuelt er sjuk.

Avdelingane følgjer i hovudsak denne dagsrytma, men må tilpassas dei behov barna har. Spesielt på småbarnsavdelingane vil dei minste barnas mat -og sove tider måtte tilpassas det einskilde barnet.

Organiseringa skal skape god balanse mellom aktivitet og kvile. Måltida skal organiserast i samsvar med nasjonale retninglinejer for mat i barnehagen:

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen#>

Dagsrytma er viktig for barnas oppleving av tryggleik og ein forutsigbar kvardag. Samtidig må det være rom for fleksibilitet, for å tilby barna ein variera og spennande barnehage kvardag, der deira leikelyst og forskartrong blir stimulera. Tidspunkt og innhald i aktivitetane må derfor evalueras med jamne mellomrom, og planleggas meir detaljera i høve til behov dei ulike barn, grupper og avdelingar har.

Trafikksikker kommune

Midt-Telemark blei godkjent som Trafikksikker kommune i starten av 2020. I den samanheng er det laga eigen plan for skular og barnehagar som vi følgjer, knytt til arbeid med trafikkopplæring og trafikksikkerheit.

Område 2: Skape tryggleik, gode relasjonar og eit inkluderande miljø

Overgangar

Frå heim til barnehage – Frå liten til stor avdeling

Småbarnsavdelingane Veslefrikk og Nøtteliten

Med ein del nye barn på høsten vil hovedfokuset være å bli kjent. Det innebær at personalet må lære dei nye barna og foreldra å kjenne. Dei nye barna skal bli trygge på vaksne, og på kvarandre, og få oversikt over det nye livet i barnehagen. Barna som gikk på avdelinga i fjor må og få høve til å finne si nye rolle i gruppa og lære dei nye å kjenne.

Store barns avdelingane Tyrihans og Revehiet

Å starte i barnehagen igjen i august er å starte på nytt for alle barna. Nokre barn er heilt nye, nokre har bytta avdeling frå småbarnsavdeling, og mange barn har gått på avdelinga før. Nokre av dei som gikk i barnehagen før ferien er skolebarn eller går i ein annan barnehage. Dette betyr at dagane er annleis enn før ferien.

Det viktigaste er at vi brukar tid på å la vaksne og barn bli kjent, vi skal gje kvart barn tilstrekkeleg tryggleik, hjelpe dei til trivsel, og å få oversikt over kvardagen i barnehagen. Barna må finne seg til rette i gruppa, skape relasjonar og vennskap, bli kjent med rutinar og aktivitetar ut frå korleis dagane er nå.

Tiltak

- Telefonkontakt, avtale om oppstartsdaigar og skriftleg informasjon til nye foreldre i løpet av juni
- Foreldremøte og besøksdagar på våren for dei som er nye frå hausten fekk vi ikkje tid til i år på grunn av korona-situasjonen. Vi legg derfor opp til samtaler med den enkelte foreldre dei fyrste dagane ved oppstart
- Tett samarbeid mellom avdelingane for barn som skifter avdeling
- Vaksne som har tett kontakt med barn og foreldre
- Ha samlingsstunder for å bli kjent som gruppe

- God tid til leik der vaksne er til stede og delkande
- Øve på namn ved å synge namnesangar, henge opp bilete
- Ha overgangssamtaler med foreldre
- Ha gode rutinar for barna som gjev tryggleik og forutsigbarhet

Vi legg vekt på at barna skal få ein god start på dagen. Vi vil møte barn og foreldre i garderoben/på avdeling når dei kommer. Barna skal føle seg velkomne, og det skal være tid til å utveksle informasjon.

Frå barnehage til skule

Siste året før skulestart har barna aktivitetar i eiga gruppe ein til to dagar i veka. Den kallas for "skulegruppe". Denne gruppa vil være felles for Revehiet og Tyrihans, men gruppa kan og delast opp uti frå kva for aktivitetar ein har.

Mål for skulegruppa

- Skape gode relasjonar på tvers av avdelingane
- Positive forventningar til å begynne på skulen
- Føle meistring
- Oppleve glede
- Kunne sitte i ro, ta i mot beskjedar
- Kunne nokre regelleikar

Tiltak

- Barna får eigne arbeidsbøkar eller permar
- Korte arbeidsøkter med spill, oppgåver m.m
- Leik og planlagte aktivitetar inne og ute
- Trene seg på riktig påkledning
- Turar i nærmiljøet; både i skogen og i trafikken
- Skulebesøk

Barnehagane og barneskulane i Bø har samen laga ein plan for at overgangen frå barnehagen til skulen skal bli best mogleg:

<https://midt-telemark.kommune.no/f/p5/i3d697fc8-ae86-438d-9b8e-3d30f4c1cf3a/samarbeidsplan-for-overgang-fra-bhg-til-bo-skule-og-folkestad-skule.pdf>

Besøksdagar på skulen, overgangsmøte mellom personalet i barnehagen og skulen, er noko av det som blir beskrive i planen.

Vi vil arbeide for at vi saman med barnehagane og skulane i Bø kan vidareutvikle gode samarbeidsformer, for å skape gode overgangar og samanheng mellom dei to pedagogiske "kulturane".

Vi har ofte barn som flytter til andre kommunar etter tida i barnehagen. Da er det nokre praktiske begrensingar i samband med samarbeid med kvar skule barn hos oss skal på. Det er likevel like viktig at vi har gode rutinar for dei barna som skal starte på skule i ein annan kommune enn Midt-Telemark. Dette må vi samarbeide med foreldra om.

Det aller viktigaste for alle barna som skal over til skulen, er å bidra til god sjølvkjensle, gjere dei trygge, slik at dei er godt rusta til å møte ukjente situasjonar og være i stand til å samhandle i ulike fellesskap.

Dette arbeider vi med heile tida i barnehagen, blant anna gjennom arbeidet med relasjonar, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk som er omtala i årspalnen vår

Danning gjennom omsorg, leik og læring

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
- Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn som er forankra i menneskerettane.

Dette vil vi oppnå gjennom:

- Vaksne som gode rollemodellar
- Vaksne som gjev tryggleik gjennom å være tydlege og viser omsorg
- Nært samarbeid med alle foreldra
- Glede ved å være ute i naturen og nærmiljøet
- Respektere leiken som barnet sitt uttrykksform og gje leiken gode rammevilkår
- Glede ved å samhandle og utvikle vennskap med andre barn
- Utvikle den enkeltes evne til empati
- Kjennskap til tradisjonar i norsk kultur og kulturar som er representera i barnehagen
- Delta og bidra i barnehagens nærmiljø
- Psykososialt læringsmiljø som overordna arbeidsområde
 - Nytte «Handlingsplan mot mobbing i barnehagane i Midt-Telemark kommune»
 - Gjennomgåande fokus på sosial og emosjonell kompetanse
 - Vidareføre arbeidet med språkutvikling og språkmiljø

Barns medverknad

- Barna har rett til medverknad tilpassa sin alder og forut setningar.
- Barn i barnehagen har rett til å gi utrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd.
- Barn skal få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd.
- Barn skal bli sett, «tatt med på laget» av andre barn og vaksne
- Alle barn skal oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke i eit mangfaldig miljø

Dette vil vi å oppnå i barnehageåret.

- Vaksne som aktivt lyttar til verbalt språk og non-verbalt språk i daglege aktivitetar
- Vaksne som anerkjenner barns følelsar
- Vaksne som rettleiar og hjelper barna til å løyse konfliktar
- Mykje leik der vaksne er observatørar, rettleiarar, tilretteleggerar og deltakarar
- Barn som får uttrykkje seg i samlingsstunder o.l.
- La barna få trening i å lytte til andre



Sosiale kompetanse – ein forutsetning for å fungere i ulike samspel

Småbarnsavdelingane Veslefrikk og Nøtteliten

Det å forholde seg til andre og bli trygg på seg sjølv er grunnleggande ferdighetar menneske utviklar. Barna på desse avdelingane er i starten av livet og er nå i ferd med å tilegne seg denne kompetansen. Vi skal legge vekt på å legge forholda til rette for at barna skal oppnå dette. Tidlig erfaring med jamn aldrande, trygge og tydelege vaksne har her stor betyding. Jmf. Rammeplanen handlar sosial kompetanse om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Dei tilsette skal være tilstede for barna, observere og være delaktig i barnas kvar dag. I leiken gjer barna relasjonsarbeid heile tida. Dei søker kontakt, etablerar og opprettholder relasjonen eller blir avvist. Mykje av tida i barnas leik må vaksne sitte på gulvet eller ved bordet, i graset, midt i aktiviteten til barna ute og inne.

Store barns avdelingane Tyrihans og Revehiet

Barns utvikling av sosial kompetanse inneber i stor grad evne til å ha gode relasjonar til andre menneske. Det har igjen stor betyding at barn er del av eit miljø der toleranse, inkludering og respekt er sentralt. I barnehagen har vi eit rikt mangfald, der vi på ulike vis kan hjelpe barna med kunnskap og erfaringar som gjer at dei ser gleda over at vi er forskjellige, skapar nysgjerrighet, skapar gode haldningar til at vi alle i så måte er unike, og at alle er eit godt bidrag til fellesskapet.

Tiltak

- Dele barna inn i små grupper
- Være lyttande vaksne og gode rollemodellar
- Møte barn på ein støttande og anerkjennande måte
- Temaarbeid som styrker sosial utvikling spesielt
- Sette av god tid til leik
- Legge til rette for oppgåver som krev samarbeid
- Vaksne som rettleiar og hjelper barna i spontane situasjonar som oppstår
- Arbeide særskilt med psykososialt miljø og språkmiljø

Satsngsområde: Inkluderande læringsmiljø

Kapittel 8 i barnehageloven, §41-43 blei gjeldane frå slutten av 2020.

Arbeidet med å implementere dette innhaldet i alt arbeid vil være hovedsatsinga for dette barnehageåret. Tiltak for arbeidet vil være:

- Halde fram arbeidet med språkutvikling
- Utvikling av kompetanse i personalgruppa:
 - Delta i Regional kompetanseutvikling (ReKomp) i regi av USN og Statsforvaltaren
 - Nyte tverrfagleg samarbeid i henhold til vedtatte planar i Midt-Telemark
 - Nyte Kari Pape sine webinar
- Samarbeid med foreldre
 - Foreldremøter, Fau, Su og samtalar
 - Dialogmodellen.no

Utvikle alle barns språklege kompetanse

Språkferdkigheter er viktig for barnas utviklingsmoglegheiter i barnehagen.

Vi har føringar i rammeplanen, og forsking som viser nettopp dette.

Rammeplanen seier at «Barnehagen skal være bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitet som fremjar kommunikasjon og ei heilskafeleg språkutvikling» (R.p. 2017, s.23)

I boka: «Dette vet vi om barnehagen: Betydningen av kvalitet i barnehagen» (Lekhal et.al. 2016) seies det om språkutvikling, at barn lærer lettast ord i situasjonar som har mening for dei (Gjems 2014). Derfor må og vaksne i samspel med barn bruke konkrete ord knytt til det som skjer her og nå. Dei seier og i denne boka at forsking viser at to tredjedelar av barn med forsinka språkutvikling i 2-års alder kan ha normalutvikling ved 4-års alder. Men at forsinka språkutvikling ved 4-årsalder ofte varar ved i skulealder.

Forsking viser og til den nære samanhengen mellom leik og språkutvikling. Leiken er ein sentral arena for å lære språket. Her må dei både kunne lytte og forstå andre deltakerar, samtidig som dei må uttrykke eigne tankar og forslag.

Barn med dårleg språkutvikling vil kunne ha utfordringar med å være deltagarar i den sosiale leiken. Noko som da igjen hindrar dei i sin eigen språkutvikling. Leiken er og viktig for utvikling av vennskap, tilhøring og sjølvkjensle.

Vi veit og at språkutvikling er viktig for utvikling av personleg og kulturell identitet.

Vi starta i hausten 2018 eit samarbeid med fagmiljøet i Midt-Telemark PPT for å styrke kompetansen hos personalet, og for å arbeide systematisk og målretta med dette området. Vi starta mellom anna å nytte verktøyet : «Å by barnet opp til dans». Det er eit verktøy for systematisk dokumentasjon av barnehagens innsats med språkarbeid over tid. Dette arbeidet held fram også i dette barnehageåret som ein del av satsinga på innkluerande læringsmiljø.

Samarbeid med heimen

I formålsparagrafen i barnehagelova står det mellom anna: «Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling».

Jamfør rammeplanen skal personalet og foreldra samarbeide til barnets beste på individ nivå og gruppe nivå. Dei skal samarbeide ut i frå at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte.

Mål

Vi skal skape eit miljø:

- der foreldre og personale er opne om sine forventningar til kvarandre
- der ein kan være fleksibel og ta individuelle omsyn, til beste for det einskilde barn og gruppa

Korleis nå måla

- Dagleg kontakt ved bringing og henting
- Foreldremøte og startsamtalar med nye foreldre
- Overgangssamtalar for dei som skifter avdeling
- Foreldresamtalar minst ein gang i året
- Samtalar etter behov som begge parter kan ta initiativ til
- Møter i samarbeidsutvalet (Su) og foreldreutval (Fau)
- Informasjon og dokumentasjon i garderobane
- Informasjon og periodeplaner til heimen via Visma foreldreapp

Foreldreråd, foreldreutval (Fau) og samarbeidsutval (Su)

I følge barnehagelova er alle foreldra i barnehagen medlemmer av foreldrerådet. Dei vel sine representantar til samarbeidsutval.

Vedtekter for Midt-Telemark kommune seier at barnehagen skal ha eit Fau som har ein representant frå kvar avdeling med kvar sin vara Desse vel igjen sine 2 representantar til samarbeidsutvlet.

Samarbeidsutvalet er eit kontaktskapande, samordnande og rådgivande organ for barnehagen.

Foreldre og tilsette skal være likt representert.

Personalet vel sine 2 representantar og 2 vararepr. på planleggingsdagar i august.

Foreldra vel sine 2 representantar og 2 vararepr. på foreldremøtet i september.

Arbeid i personalgruppene

Rammeplanen seier mellom anna dette: "Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglige og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelige rollemodellar ." R.p 2017 s. 15

Rammeplanen gir tydelige føringar for ansvaret til eigar, styrar og pedagogisk leiar/barnehagelærar når det gjeld å drive utvikling.

Planlegging, observasjon, vurdering og fagleg påfyll er nødvendig for å fremme dette målet. Refleksjon over eigen praksis saman med kollegaer er eit viktig verktøy i arbeidet.

Mål

- Godt samarbeid og god kommunikasjon mellom dei vaksne er nødvendig for å oppnå eit klima kor ein kan være i positiv "endring og utvikling".
- Vidareutvikle kunnskap og forståelse for rammeplanen
- Arbeide særskilt med det psykososiale miljøet til barna
- Utvikle heilhetleg miljø i barnehagen
- Vidareutvikle arbeidet for godt språkmiljø og god språkutvikling for alle barn i barnehagen

Korleis nå måla:

- Følgje møteplan for avdelingsmøter, pedagogmøter, ped.leiarmøter og personalmøter
- Medarbeidarsamtalar/utviklingssamtalar minst 1 gang pr. år
- 5 Planleggingsdagar for heile personalgruppa
- I dei ulike møta må satsingsområda våre være tema og følgast systematisk opp
- Samarbeide med spesialpedagog og PPT i henhold til plan for spesialpedagogisk arbeid.
- Nytte handlingsplan for barn som bekymrer
- Nytte handlingsplan mot mobbing
- Veiledning, refleksjon og vurdering som innhald på møtene:
 - Vurderingsarbeidet skal sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Heile personalgruppene skal delta i dette arbeidet.

- Observasjonar av og refleksjonar over det pedagogiske arbeidet synleggjer og dannar grunnlag for veiledning –og vurderingsarbeidet.
- Bruke praksisfortellingar og eksempel til refleksjonar i personalgruppene
- Bruke observasjon, kartlegging –og vurderingsverktøy vi er kjent med, og som vi har fått opplæring i
- Ha system på kvar avdeling som sikrar oppfølging av alle barn
- Delta i Regional kompetanseutvikling (ReKomp) i regi av USN og Statsforvaltaren

Korleis ser vi at vi er i rett utvikling

- Barn som trivst og er i fin utvikling
- Vaksne som viser interesse for alle barna
- Vaksne som fortel kvarandre om korleis ein bør møte ulike behov hos dei barna ein kjenner frå si avdeling.
- Vaksne som tar initiativ til aktivitetar og spør «Kven vil være med å.....»
- Vaksne som ynskjer å seie «ja» til ulike initiativ frå ungar og vaksne – tenke seg om før ein seier «nei»
- Barn som gradvis blir trygge på alle vaksne på huset vårt.
- Vaksne som dreg nytte av kvarandre sine interesser og kompetanse, og såleis utviklar eit spennande leike –og læringsmiljø.



Tidlig og samordna innsats –tverrfagleg samarbeid

- Spesialpedagogar i kommunen har sitt arbeid med fleire barn i våre barnehagar. Mykje av sitt arbeid gjer dei på avdlingane og i små grupper. Dei blir sentrale vaksne for alle barna, og naturlege samarbeidspartar og rettleiarar for dei tilsette i barnehagen.

Instansar vi samarbider mykje med:

- PPT (Pedagogisk psykologisk teneste) i Midt Telemark har fast tid i barnehagen ein onsdag i månaden
- Midt Telemark barnevernsteneste
- Helsestasjonen i Bø
- SKI-Senter for kvalifisering og inkludering
- Fysioterapeuter

Vi har 2 tverrfaglige møter på hausten og 3 på våren. Her deltar styrar, ped.eiarar, spesialpedagog, PPT, barnevern og helsestasjonen.

Både personale og foreldre kan be om råd og rettleiing frå disse instansane.

I tilknyting til enkeltbarn er det alltid i samarbeid med foreldra.

Område 3. Eit Aktivt og spennande miljø

Fagområder

Rammeplanen definerar 7 fagområde som barnehagen skal gi erfaring og opplevinagar innanfor. Områda skal sjåast i samanheng og vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Dei 7 områda er:

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle, mat og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknologi
5. Etikk, religion og filosofi
6. Nærmiljø og samfunn
7. Mengd, rom og form

Bøhamna sitt arbeid med desse fagområda er beskrive i ein eigen progresjonsplan:
<https://midt-telemark.kommune.no/f/p5/i96f924ae-c41f-4b82-8535-9a494e5f10e0/bohamna-barnehage-progresjonsplan.pdf>

Den digitale praksis i barnehagen

Rammeplanen seier at den digitale praksisen i barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Dei **vaksne skal delta saman med barna** i bruken av digitale verktøy og utøve digital dømmekraft.

Vi må jevnleg reflektere over og vurdere korleis barnehagen arbeider i henhold til denne målsettinga.

Utvikling av uteleikeplassen vår

Vi har ein flott uteleikeplass i barnehagen vår som er oversiktlig, med mange vareirte leikeapparater, sandkasser, asfalt vegar til syklane, vannrenne m.m

I løpet barnehageåret 2019/2020 fekk vi og realisert planane om å skape eit spennande leikeområde på den store grashaugen vår. Vi hadde savna meir naturleg leikemateriale, små stadar for ungane å være meir skjerma frå kvarandre, og meir moglegheiter for skugge. Dette kom da på plass.

Prosjektet besto mellom anna av å plante levande og død pil til å skape små hytter og uterom. Her er stubbar, stokkar og sankasse.

Noko er laga på plenen mot løpebanen.

Ungane har vore med på noko av bygginga. Det har vore viktig for å sjå korleis dei brukar det, og for at dei skal oppleve eigarskap og ha respekt for det som er laga.

Tanken var og at da trekker vi mykje av barnas aktivitet vekk frå det varmeste området foran barnehagen, som kan bli svært varmt på solfyllte sommerdager.

Vaksne må nå aktivt saman med barna utvikle leiken i desse flotte områda.



Nærmiljø og samarbeidspartar

- Universitet i Sørøst-Norge .
 - Vi samarbeider om bruk av nærmiljøanlegg
 - Vi er partnerbarnehage for barnehagelærarutdanninga
 - Samarbeid med idrettsstudentar og Frisklivssentralen om aktivitetar saman med barna

-Grønsakhagen vidareutviklar vi med skolehagen USN Bø
Rett i nærleiken har vi og fått utvikla ein snikkarverkstad

- Kroa i Bø

- Vi har avtale om å låne kroa til aktiviteter for barn, arrangement og eventuell møte verksemد
- Nytrer bassenget i Gullbring til bading med dei eldste barna
- Vi vil for øvrig nytte oss av nærmiljøet og utvikle samarbeid med aktørar i området



Årshjul, organisering og arbeidsmåtar for avdelingane

Kvar avdeling har sitt eige årshjul som konkretiserer arbeidet med den gruppa dei har. Merkedagar, høgtider og årstider vil naturleg nok være felles i dei ulike årshjula, men innhaldet kan likevel være ulikt.

Avdeling Nøtteliten

Årshjulet vårt er ein grovplan. Vi treng å bli kjent med akkurat ditt barn for å lage ein meir detaljera og tilpassa plan for dette barnehageåret, men vi har nokre tankar om koreleis vi ønskjer å jobbe. Meir detaljera planar kommer etter kvart i form av månadsbrev og tavle i gangen. Vi vil likevel presisere at planane ofte bare er eit utgangspunkt og kan endras undervegs for barnas beste. Det er kvardags situasjonane og innhaldet i dei som er det er viktigaste. For at barnehagekvardagen skal bli best mogleg vil vi dele i grupper og jobbe ut i frå progresjonsplanen .

Personalet på Nøtteliten er svært allsidige og likar leik, bøker, forming, musikk, drama, baking og turar i nærmiljøet. Vi er ulike og utfyller kvarandre godt. Vi har god kompetanse på dei små barna. Vi er spesielt opptatt av sjå enkeltbarn og at alle barn skal bli sett og oppleve omsorg, trygghet og nærliek. Vi ønskjer å være tilstades for barna og er deltakere der barna er og utfra enkeltbarns behov. Vi er masse på golvet.

Leik er og skal være prioritert i barnehagen. På småbarnsavdelinga leikar dei minste som oftast ved sida av kverandre. Dette er tilsynelatande ein lite sosial leikeform, men barna kopierar gjerne element frå kvarandre og viser glede i å vere saman. Når barna blir litt eldre startar dei ofte å late som om. Dei serverer leikemat til andre. Dette er starten på rolleleik. Leik fremjar motorisk, sosial, språkleg, emosjonell og kognitiv utvikling. Vi ser viktigheten av å gi tid og rom for leik. Vi ønskjer å skjerme pågåande leik, rettleie barna i leik og tilføre elementer for å utvikle leken. Enkelte dager vil vi ha en magisk koffert eller noko anna spennande som kan danne grunnlag for leik, glede, undersøking og undring.

Språkstimulering.

Språkleg medvitne vaksne er viktig. Vi støttar barna i å tilegne seg språk ; sett namn på dagligdagse ord og handlingar, snakkar masse med barna, utvidar og «coachar». Brukar bøkar, musikk, sang, rim og regler. Ved tema og prosjektarbeid kommer vi til å velgje ut nokre spesielle ord som vi vil ha auka fokus på.

Barns medverking og utvikling av sjølvstendigheit.

Vi tar barna på alvor og lar dei få påverke der det er mogleg. Dette kan komme til utrykk til dømes ved at vi tar fram doktorutstyr om barna viser interesse for doktorleik, og under måltider lar dei velge kva for pålegg dei vil ha . Tema og prosjektarbeid vil og ta utgangspunkt i barnegruppa sine interesser, forut setningar og behov. Vi støttar og oppmuntrar, og lar ungane prøve og feile. Ved måltidet lar vi dei øve på å drikke av ulike koppar og glas, samt ete med skei, gaffel og etter kvart kniv.



Årshjul for Nøtteliten 2021-2022

Månad	Veke	Innhold / Tema	Verd å merke seg
Aug.	33-39	Tema: <ul style="list-style-type: none"> Oppstart Tilvenning – Barn og vaksne blir kjent med kvarandre Musikk Brannvernuke 	Planleggingsdagar 16.08 og 17.08, barnehagen stengt Nytt barnehageår starter 18. aug. Velkomstfest i veke 35 Foreldremøte 08.09 Fotografering 27.09 eller 28.9
Okt.	40-43	Tema: <ul style="list-style-type: none"> Fysisk aktivitet FORUT 	
Nov.	44-48	Tema: <ul style="list-style-type: none"> Temaarbeid 	Planleggingsdag 05.11, barnehagen stengt
Des.	49-51	Tema: <ul style="list-style-type: none"> Juletradisjonar og førjulsakt. Lucia 	Vi markerer Luciadagen Nissefest for barna
Jan.	1 - 4	Tema: <ul style="list-style-type: none"> Vinter Rim og regler 	Planleggingsdag 03.01, barnehagen stengt
Feb.	5-9	Tema: <ul style="list-style-type: none"> Eventyr Karneval 	
Mar. Apr.	10 - 17	Tema: <ul style="list-style-type: none"> Vår i naturen –Kva skjer Turer i nærmiljøet Påske – Egg og kylling Påskelunsj 	Bli betre kjent med avd. Revehiet for dei som skal flytte over i august.
Mai Juni	18-26	Tema: <ul style="list-style-type: none"> 17.mai Turer i nærmiljøet 	Planleggingsdag 27.05 , barnehagen stengt Sommarfest

Avdeling Veslefrikk 2021-2022

Måned	Innhold	Verd å merke seg
August	<ul style="list-style-type: none"> -Tilvenningsperiode Vi bruker tiden på å la barna blir trygge og godt kjent med hverandre og oss voksne på Veslefrikk. 	<p>Planleggingsdager/stengt 16 og 17. august</p> <p>Nytt barnehageår starter 18. august</p> <p>Velkomstfest i uke 35</p>
September	<ul style="list-style-type: none"> -Tilvenningsperiode -Uteleik og høst 	<p>Foreldremøte 8.sept.</p> <p>Fotografering av barna 27 eller 28. september</p>
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> -Kroppen min Vi har fokus på kropp, bevegelse og sanseopplevelser.  Forut barneaksjon Gjennom bilder, film og musikk blir vi kjent med Indrani, ei jente som vokser opp i Bangalores slumområder i India. 	<p>Innsamlingsaksjon i barnehagen med foreldre.</p>
November	<ul style="list-style-type: none"> -Eventyr  -Fugler 	<p>Planleggingsdag /stengt 5.november</p>
Desember	<ul style="list-style-type: none"> -Advent og førjulsaktiviteter  -Nisselfest 	<p>Førjulsfest med foreldre.</p>
Januar Februar	<ul style="list-style-type: none"> -Eventyr -Rim og regler -Vannleik -Karneval 	<p>Planleggingsdag 3. januar.</p>
Mars	<ul style="list-style-type: none"> -Påskeaktiviteter  -Barna blir kjent med høna, egg og kyllingen -Eventyr -Rim og regler 	<p>Påskefrokost med foreldre fredag 8.april</p>
April Mai Juni	<ul style="list-style-type: none"> - «Se her!» Våren er ein spennande tid og naturen våkner til liv etter ein 	<p>Planleggingsdag/stengt 27.mai</p>

	<p>lang vinter. Me går på leiting etter insekter, planter og dyr og utforsker barnehagens nærområde.</p> <ul style="list-style-type: none"> - 17. Mai - Gjere klar grønnsak hagen og plantekassene i barnehagen til såing og planting. 	<p>Sommerfest med foreldre.</p>
---	--	---------------------------------

Barn og naturen

Barnehagen skal bidra til at barna opplever naturen og undrar seg over mangfaldet. Barna lærer om naturen når dei leiker ute i naturen, og dei ulike årstidene sørger for stadig nye og varierte opplevingar og utfordringar for barna.

Barn treng utfordringar, og dei mest naturlege utfordringane får dei ute, der dei kan klatre, balansere, springe, hoppe, svinge og oppdage nye ting på sin eigen måte. Små barn går ikkje bare ut i naturen, men dei finner mange veiar inn i den. Dei opplever med alle sansane, dei utforskar, leikar, snakkar, erfarer og lærer. Ofte er barna saman om slike opplevingar noko som styrkar vennskap og kjensle av fellesskap.

Barn kan oppleve mestring og glede på mange områder, noko som betyr mykje for barns sjølvkjensle. Ute finner alle ein stein som er akkurat passe stor å hoppe fra. Å tusle gjennom høgt gras som rager over hodet på ein, byr på utfordringar som i ettertid kan kjennes godt å ha klart. Barna kan kjenne igjen eit rognebærtre og maurtua slutter aldri å fascinere.

Fuglar

Fuglar fascinerar både barn og vaksne. Dei har vingar dei flyg med, nebb dei fangar mat og eter med, dei legg egg og synger høgt. Og så er dei små og enkle å få auge på.

Me vil ha fuglar som gjennomgåande tema heile året og studerar fuglar som er naturleg for årstida.

Gjennom arbeidet med dette ønskjer me å legge til rette for ulike natur opplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring. Me vil vekke barnas nysgjerrighet og gje dei tidlege erfaringar med dyr og dyreliv.

Me har fuglebrett og fuglekasse like utanfor vindauge våre, så barna enkelt kan observere fuglane når dei kommer. Når vinteren nærmer seg legg me ut mat for å sjå om me får besøk, og er me heldige vil kanskje nokon bygge rede og legge egg i fuglekassa til våren.

Me vil bruke bøkar, bilder, film og apper for å bli betre kjent med ulike fuglearter som finns i og rundt barnehagen. Me vil gå på turar på leiting etter fugler. I Evjudalen veit me det bur ender som er veldig glad i tørre brødkiver😊

Avdeling Reveheiет 2021-22

Måned	Veke	Innhald / Tema	Viktige datoar
Aug.	33-35	<p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppstart og tilvenning • Innarbeide gode rutinar 	Planleggingsdag 16.aug og 17.aug, barnehagen stengt Nytt barnehageår starter 18. aug. Velkomstfest i veke 35
Sep.	36-40	<p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vennskap • Brannvern-veke • Oppstart av skuleklubb Oppstart bading med førskolegruppa.	Turbo Tråkk 1.sept i år lager barnehagane sitt eget opplegg. Foreldremøte 8.sept. Fotografering 27. eller 28.sept.
Okt.	40 -44	<p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mangfold • Bli kjent med ulike kulturar • FORUT-prosjekt Foreldresamtalar	Foreldresammenkomst
Nov.	45-48	<p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eventyr Foreldresamtalar	Planleggingsdag 05.11, barnehagen stengt
Des.	49-53	<p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Juletradisjonar og juleførebuing 	Luciamarkering 13.12 Julebord for barna Nissefest for barna
Jan.	1 - 4	<p>Tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kroppen • Vinteraktivitetsdag (om vi har snø) Oppstart skulebesøk	Planleggingsdag 03.01 barnehagen stengt

Feb.	5-9	Tema: <ul style="list-style-type: none"> • Samisk kultur, Samefolkets dag. • Rim og regler • Karneval Foreldresamtaler skolebarna	Samefolkets dag 6.feb Karneval
Mar.	10 - 13	Tema: <ul style="list-style-type: none"> • Vårteikn • Uteleik -uteliv • Song og musikk 	
Apr.	14 - 17	Tema: <ul style="list-style-type: none"> • Påske • Uteleik - uteliv • "Rusken" i barnehagen 	Påskelunsj
Mai	18-22	Tema: <ul style="list-style-type: none"> • «Det spirer og gror» • Grunnlovsfeiring Foreldresamtalar for dei som ynskjer	Planleggingsdag 27.05, barnehagen stengt
Juni	22 og 24	Tema: <ul style="list-style-type: none"> • Uteliv • Turar utanfor barnehagen • Pride • Sommaravslutningar 	Sommarfest

Vi kommer til å dele barna inn i mindre og større grupper. Da er dei vaksne tettare på og kan rettleie og gripe inn dersom det er naudsynt. Det skaper også meir tryggleik for barna.

Vi ønskjer å tilby et variert og inspirerande leikemiljø. Det er viktig å gi tid og rom for leik og skjerme pågående leik.

Språkstimulering.

Dei vaksne er språkleg medvitne. Vi nytter bøker, musikk, song, spel, rim og regler. Ved tema og prosjektarbeid kommer vi til å ha auka fokus på enkelte ord og begrep.

Vi bruker ASK – Alternativ og supplerande kommunikasjon i form av bildekort og tegn til tale. Se til dømes <http://www.minetegn.no>. Alle barn kan dra nytte av dette.

Barns medverking, utvikling av sjølvstende og eit positivt sjølvbilde.

Vi tar barna på alvor og lar dei få påverke der det er mulig. Vi lar dei velge sjølv der det er mogleg.

Tema og prosjektarbeid vil og ta utgangspunkt i barnegruppa sine interesser, forutsetningar og behov. Vi støttar og oppmuntrar, og lar ungane prøve og feile. Vi lar dei øve på å smøre sin eigen mat og oppmodar til å kle av og på seg sjølv.

Meir detaljera planer kommer i eigne månadsbrev.

Avdeling Tyrihans

Årshjul 2021-2022

Månad	Veke	Innhald / Tema	Verdt å merke seg
Aug.	33- 35	Tema: Oppstart, tilvenning, relasjoner og vennskap	Planleggingsdager 16. og 17.aug, barnehagen stengt Nytt barnehageår starter 18. aug. Velkomstfest i veke 35
Sep.	36 -39	Tema: Vennskap, relasjoner og brannvern Starte skoleklubb, turer, formingsgrupper, leikegrupper Brannvern uke 38	Turbotrakk 1.sept. For FOTOGRAFEN kommer 27. eller 28. september
Okt.	39 -43	Tema: Høsten og Forut-prosjekt Vi samler inn penger gjennom barneaksjonen til FORUT. - Menneskerettar - FN` s barnekonvensjon - Andre kulturer	FORUT-aksjonen
Nov.	45 -48	Tema: Trekkfugler Foreldresamtaler	Planlegggingsdag 5.november Barnehagen stengt
Des.	49 -52	Tema: Jul Julekalender, adventssamlinger, juleverksted på hemsen. Luciatog i barnehagen måndag 13. desember. Nissefest	
Jan.	1 -4	Tema: Vinter og dyretrakk, samefolket-samisk kultur Oppstart skolebesøk	Planleggingsdag 3.januar, barnehagen stengt

Feb.	5 - 8	Tema: Karneval , vinter Overgang- samtalar bhg-skole	Samefolkets dag 6.feb Karneval på Kroa saman med Bøhamna Ake/ski dag
Mar.	9 - 13	Tema: Kroppen vår, og førstehjelp med dukken «Henry». Overgang- samtaler bhg-skole	
Apr.	13 - 17	Tema: Påske Det spirer og gror «Rusken» i bhg og plukke søppel	
Mai	18-21	Tema: 17.Mai Trafikk (dei eldste barna)	Planleggingsdag 27.mai. Barnehagen stengt Vi øver på å gå i tog mandag 16.mai
Juni	22 -26	Tema: PRIDE! Sommer avslutning Avslutning av skuleklubb	Fargerik måned med markering av pride, vi snakker om mangfold og inkludering.

Organisering av arbeidet

Vi deler barna inn i mindre grupper, der vi blant anna har formingsaktivitetar, leikegrupper og forskolegrupper. Dette fordi vi veit at barna da opplever meir ro, større voksentettleik og det skaper ein arena kor barna får fokus på ein annan måte. Det bidrar og til å kunne legge til rette for styrkende sosial utvikling, fordypning i ulike temaer og aktiviteter som er bedre tilpassa barnas forutsetninger.

Vi tar og tak i temaer som barna viser interesse for og tema som vi til enhver tid ser er viktig for barnegruppa.

«Eg og vi, her og nå, på veg mot framtida».

Dokumentasjon og synleggjering

I henhold til Rammepalen kan dokumentasjon av barnehagens pedagogiske arbeid gje foreldre, lokalmiljøet og kommunen informasjon om kva barn opplever og lærer i barnehagen. Dokumentasjonen kan synleggjere korleis barnehagen oppfyller krav i rammeplanen og barnehagelova

Eit etisk perspektiv skal ligge til grunn ved dokumentasjon av barnegrupper og enkeltbarn.

Slik vil barnehagen arbeide med dette:

- Det skal gis ut avdelingsvis informasjonsskriv/planar til foreldra kvar 4. -6. veke som fortel kva vi har jobba med og vegen vidare.
- Munnleg dokumentasjon i form av daglige samtalar med foreldre
- Kvar avdeling har sine rutinar på å henge opp meir detaljera planar for veker og periodar i garderoben og i Visma foreldreapp
- Vi vil bruke bilete og små tekstar som synliggjer dagleglivet i barnehagen, i garderobane og på avdelingane, på papir eller digitalt
- Vise fram arbeidet til barna gjennom utstillingar i nærmiljøet til barnehagen
- Nytte nærmiljøet og delta i det, slik vi har omtala tidlegare i planen
- Invitere lokal presse
- Bruke heimesider og facebook i tråd med retningsliner vi har

